# Overordna målsettingar for Stryn Bedriftsbarnehage

## Stryn Bedriftsbarnehage skal være;

**Ein barnehage der barn lærer og utviklar seg**



## Metode;

- Leiken
- Kvardagsaktivitetar
- som f.eks påklednad og måltid.
- Direkte samspel med andre barn og vaksne.
- Turar i skog og nærmiljø.
- Temagrupper,og tverrgrupper .
- Samlingsstund.



## Stryn Bedriftsbarnehage skal være;

**Ein stad der barna får god omsorg.**



## Metode;

- Vaksne skal vise nærheit, varme og innleving i omsorga av barna.
- Barna skal kvar dag kjenne seg velkomne i barnehagen.
- Barna skal kvar dag føle at dei blir sett og høyrt både av vaksne og barn.
- Barna skal kvar dag føle seg verdsett.

## Stryn Bedriftsbarnehage skal gje;

**Kvart enkelt barn høve til personleg og sosial utvikling.**

## Metode;

- Alle barn skal ha leikekameratar og ha ein ven.
- Barna skal oppleve meistring.
- Barnet skal få høvelege utfordringar.



## Stryn Bedriftsbarnehage skal;

**Gje barna eit godt leikemiljø.**





## Metode;

- Leikegrupper inne på avdelingane og  på tvers av avdelingane.
- Smågrupper med mindre antall barn.
- Arbeide med det sosial miljøet i gruppa/ sosiale kompetanse.
- Tilrettelegging av leikematriell, orden og faste plassar til leikematriell.
- Aktive vaksne som ser kva behov og interesse barna har.

## Stryn Bedriftsbarnehage skal;

**Legge til rette for barns medverknad.**



## Metode;

- Vaksne må ha respekt for barn sine intensjonar.
- Observasjon av barnegruppa
- Barna skal ta aktivt del  i planarbeid, kome med innspel.
- Vaksne må vere på ”jakt” etter barneperspektivet.  Kva vil barnet når det hendvender seg til den vaksne ?
- Vaksne må vere medskapande saman med barna. Vaksne må forstå meininga med det som skjer rundt barnet.
- Barna skal vere aktive deltakande i sin eigen kvardag.

**Stryn Bedriftsbarnehage skal være;**

Ein brukarvenleg barnehage.



**Metode;**

- Open heile året
- Alle skal bli tatt i mot på ein god måte når dei kjem til barnehagen.
- Skal være fleksibel med hensyn til når barnet kjem i barnehagen.
- Skal gje god informasjon til foreldre om kvardagen til barna.
- Fleksible ordningar på kva dagar barna går i barnehagen.
- Skal tilstrebe å gje gode løysingar på spørsmål/ utfordringar så lenge det er til barnet sitt beste.

**Stryn Bedriftsbarnehage skal;**

**Legge vekt på eit godt samarbeid med foreldra og stimulere til foreldremedverknad.**



**Metode;**

- Sosialt knytepunkt for foreldre og barn.
- Foreldra arrangerer 17.mai feiring i barnehagen.
- Legge vekt på arrangement som samlar foreldre, barn og personalet som f.eks haustfest, julefest, basar og lignende.
- Foreldra sine idear og engasjement skal ivaretakast og sjåast på som ein ressurs for barnehagen.
- Foreldra styrer barnehagen på personalet sine planleggingsdagar/ dugnad.
- Dugnadsarbeid
- Foreldremøte
- Foreldresamtaler

**Stryn Bedriftsbarnehage skal;**

**Fungere som ein heilskap, og dei to avdelingane med Storegruppa skal ha eit nært samarbeid.**





**Metode;**

- Personalet har ansvar for alle barna i barnehagen.
- Barna skal være trygge og kjende med alle dei vaksne i barnehagen.
- Barna skal være trygge på heile huset.
- Dei vaksne i barnehagen må kunne samarbeide med kvarandre.
- Temagrupper, turgrupper, leikegrupper på tvers av avdelingane.
- Leik på tvers av avdelingane.
- Avdelingane har fellessamling kvar femte veke.
- Avdelingane samarbeider når det er møteavvikling.
- Leiker og anna matriell er felles for alle avdelingane.
- Avdelingane hjelper kvarandre ved behov, til dømes ved sjukefråvær.
- Felles utetid for dei minste på formiddagen med tverrgrupper.

